

Protokoll frå representantskapsmøtet 11.11.2024 til signering

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- SONJA MERETHE ØVRE-FLO, signert 16.01.2025 med ID-Porten: BankID
- KINE BRATLI DALE, signert 17.01.2025 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

Signeringen er gjort med digital signering levert av Posten Norge AS. Posten garanterer for autenticiteten og forseglingen av dette dokumentet.



Slik ser du at signaturene er gyldig

Hvis du åpner dette dokumentet i Adobe Reader, skal det stå øverst at dokumentet er sertifisert av Posten Norge AS. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke er endret etter signering.

Representantskapsmøte i Kommunearkivordninga i Vestland KO

Digitalt møte, måndag 11. november kl. 12.00-12.30

Saksliste

1. Oppstart, godkjenning av representantar

Representantar til stade:

- | | |
|--------------------------|---|
| • Askvoll kommune | Sarah Louise Loftheim |
| • Aurland kommune | Kjell Bøe Bjørgum |
| • Fjaler kommune | Leif Jarle Espedal |
| • Gloppen kommune | Svein Førde |
| • Gulen kommune | Margrethe Thune Trædal |
| • Kinn kommune | Bengt Solheim-Olsen |
| • Luster kommune | Marit Kvalen / Andreas Wollnick Wiese (kom i sak 4) |
| • Lærdal kommune | Audun Mo |
| • Sogndal kommune | Astrid Hove |
| • Solundkommune | Gunn Åmdal Mongstad |
| • Stad kommune | Judith Margrete Kvåle |
| • Stryn kommune | Sonja Øvre-Flo |
| • Vestland fylkeskommune | Kine Bratli Dale |
| • Vik kommune | Camilla Norum Røyrvik (kom i sak 4) |
| • Årdal kommune | Christian Sønstlien |

Fråfall: Bremanger, Hyllestad, Høyanger, Sunnfjord (stilte med observatør)

Observatørar:

- Frå Sunnfjord kommune: Siv Belinda Pedersen Bruland
- Frå styret: Geir Liavåg Strand
- Frå administrasjonen: Arnt Ola Fidjestøl, Sigrun Espe, Espen Sæterbø
- Andre: Rune Lothe (IKA Hordaland), Birthe Yong (IKA Hordaland)

2. Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vart samrøystes godkjend.

3. Val av møteleiar, referent og to personar til å skrive under protokollen

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Gunn Åmdal Mongstad som møteleiar, Sigrun Espe frå administrasjonen som referent og Sonja Øvre-Flo (Stryn) og Kine Bratli Dale (VLFK) til å signere protokollen.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

4. Budsjett for 2025 og økonomiplan for 2026-28

Dokumentet er signert digitalt av:

- SONJA MERETHE ØVRE-FLO, 16.01.2025
- KINE BRATLI DALE, 17.01.2025

Forseglet av



Posten Norge

Forslag til vedtak: Representantskapet vedtek budsjett for 2025 og økonomiplan for 2025-2028.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

5. Strategi for KAV 2024-28

Forslag til vedtak: Representantskapet godkjenner strategi for Kommunearchivordninga i Vestland 2024-28.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

6. Dagleg leiar i Kommunearchivordninga i Vestland

Forslag til vedtak: Representantskapet vel Sigrun Espe som dagleg leiar i 50% stilling. Som dagleg leiar er Espe direkte underordna styret og skal følgje dei retningslinjene og pålegga som styret gir. Representantskapet ber Vestland fylkeskommune om at Espe, i den 50% ho fungerer som dagleg leiar, vert fristilt frå fylkeskommunen sitt delegeringsreglement, og ikkje står i eit underordningsforhold til seksjonsleiar for seksjon arkiv og andre leiarar i Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune sin representant, Kine Bratli Dale, tok ordet og ba om at saka vart utsett slik at fylkeskommunen kan gå i nærmare dialog med Kommunearchivordninga om dette før vedtak vert fatta.

Styreleiar i Kommunearchivordninga, Geir Liavåg Strand, svarte at ei utsetjing ikkje vil ha særlege konsekvensar for Kommunearchivordninga sitt arbeid.

Nytt forslag til vedtak: Denne saka vert utsett til neste representantskapsmøte i påvente av dialog og avklaringar mellom Kommunearchivordninga i Vestland KO og Vestland fylkeskommune.

Nytt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Orienteringssaker

7. Nytt arkivbygg – status og orientering

Det nye arkivbygget som vert bygd i Hagane på Leikanger skal ha fasilitetar som gjer at Kommunearchivordninga i Vestland KO og Vestland fylkeskommune kan dekke desse funksjonane i arbeidet med avslutta og historiske arkiv:

- Depot for papirarkiv og foto
- Mottak av arkiv
- Ordninga av arkiv
- Sanering av arkiv – ikkje noko vi kjem til å ta ansvar for på kommunalt arkiv
- Handsaming av innsyn/ førespurnader

Prosjektet er i rute, og denne veka kjem leverandør av reolsystem for å godkjenne konstruksjonen i magasina. Det utvendige arbeidet med fasade og tak er planlagt ferdigstilt januar 2025. Bygget er planlagt overlevert til Vestland fylkeskommune 27.06.2025. Sommaren og hausten vert ein periode med testing og innkøyringsperiode.



Vi er i tett dialog med kommunane om førebuing til deponering av arkiv. Kommunane må melde inn detaljerte ønske og prioriteringar innan 1. mars 2025, og vi skal så presentere ein detaljert tidsplan for deponering i april. Ny deponeringsavtale skal signerast før sommaren 2025, og første faktura vert etter planen sendt til kommunane i 2026.

8. Ny samarbeidsavtale med VLFK

Kommunearkivordninga har ein samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune som regulerer samarbeidet.

Avtalen seier noko om:

- Samarbeidet sin rett til å disponere tilsette i fylkeskommunen
- Andre praktiske bidrag fylkeskommunen yter inn i samarbeidet mot frådrag i årleg bidragsplikt

Vedlegget til avtalen inneheld informasjon om:

- Avtalt omfang av og verdi av dei praktiske bidraga frå fylkeskommunen
- Avtalt omfang av og verdi av tenestene fylkeskommunen frå Kommunearkivordninga.

Avtalen seier vidare at vedlegget skal reviderast årleg og elles etter behov. Dette har ikkje vore gjort etter samanslåinga av HFK og SFJ. Revisjon og mindre justeringar har vore etterlyst, og no er vi endeleg i dialog med fylkeskommunen om revisjon av avtale og vedlegg.

Dokumentet er signert digitalt av:

- SONJA MERETHE ØVRE-FLO, 16.01.2025
- KINE BRATLI DALE, 17.01.2025

Forseglet av



Posten Norge